



JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET

Journalføring av epostrekkjer

Fungerande lovrådgjever Ole Knut Løstegaard

Oslo, 23. Oktober 2013

Journalføring – utgangspunkt

- Journalføringsplikt etter arkivforskrifta § 2-6 fyrste ledd andre punktum for inngående og utgåande dokument som:
 - er saksdokument etter offentleglova § 4
 - er «gjenstand for saksbehandling» og
 - har verdi som dokumentasjon

Journalføring – utgangspunkt

- Utgangspunktet er at kvart enkelt dokument skal journalførast
- Ein e-post = ein journalpost
- Sakshandsamingssystema byggjer på at kvart dokument tilhøyrer ein bestemt kategori – inngående, utgåande eller anna
 - Journalføring av heile epostrekker vil gjerne omfatte både inn- og utgåande dokument

Journalføring av epostrekker under eitt

- Fører til at det ikkje går fram av journalen om det egentleg er utgåande eller inngåande dokument det er tale om.
 - Svekkjer informasjonsverdien og det positive truverd det journalen skal ha
 - Kva skal omtala av journalposten omfatte?

Journalføring av epostrekkjer under eitt

- Skal kunne sjå av journalen om det har vore mykje kontakt mellom dei ulike aktørane – dette oppnår ein ikkje ved å opne for å journalføre epostrekkjer
 - opnar for å løyne det reelle kontaktomfanget
 - varetek ikkje offentlegheitsprinsippet
- Same informasjon blir i røynda journalført fleire gonger – ikkje i samsvar med føresetnadene

Journalføring av heile epostrekker - føremoner

- Sparar tid
 - Og så? (sparar mest på ikkje å journalføre)
- Vanleg – det er vanleg å køyre for fort òg
- Sikrar at dokumenta ialfall blir registrerte
 - Med usikre og ofte feil opplysningar om kva dokumentet handlar om
 - Byggjer på manglande oppfyljing av sentralt regelverk
- Mi vurdering: held ikkje!!!!

Problem med innsyn

- Journalføring av heile epostrekker fører til at det vil måtte vurderast innsyn i langt meir enn det dokumentet kravet eigentleg gjeld
 - «Rare» unntaksheimlar
- Dårleg samsvar mellom journalføring og seinare innsynskrav – veit ikkje kva ein eigentleg ber om innsyn i – dette varetek heller ikkje offentlegheitsprinsippet

Journalføring av epostrekker – særlege spørsmål

- Journalføring av kvar enkelt ny e-post, men med heile «halen» på slep
- Neppe noko direkte rettsleg hinder for det
- Problema knytte til innsyn kjem òg like fullt inn
 - Meirarbeid og problem med å krevje innsyn
- Framleis ikkje i samsvar med føresetnadene

Journalføring av epostrekker – særlege spørsmål

- Argument for å journalføre med «halen»:
 - «Det er det som blir sendt/motteke»
 - Ser samanhengen betre
- Samanhengen ser ein òg ved å sjå på fleire postar
- Den enkelte journalposten bør etter mi vurdering vere relatert til det som er nytt i den nye e-posten

Journalføring av epostrekker – særlege spørsmål

- Når kan det likevel vere greitt å journalføre heile epostrekker under eitt?
 - Kvar enkelt epost oppfyller ikkje vilkåra for journalføringsplikt, men samla korrespondanse gjer det
 - Oppretting av gamle feil – journalføring av gamle dok.
 - Ikkje det same behovet for å vise all korrespondanse når det er tale om gamle dokument
 - Ver likevel varsam med dette – feil bør ikkje følgjast opp av nye feil!!

Journalføring av epostrekker – særlege spørsmål

- Journalføring av kort epostrekke under eitt?
 - To oppfølgjande e-postar om same tema med same avsendar og same mottakar – greitt
 - Tilsvarande, men med eit kort svar innimellom – greitt når svaret ikkje er journalføringspliktig
 - Journalføringspliktige e-postar frå begge partar – ugreitt
 - Andre tilfelle – konkret vurdering, normalt ugreitt

Redigering av epostar ved journalføring

- Korte interne e-postar kjem saman med den sentrale e-posten – fjern dei (normalt)!!
 - Ikkje omfatta av journalføringsplikta
 - Typisk reine oversendingar
- Delar av e-post utgjer uformell eller privat tekst
 - Er teksten omfatta av saksdokumentdefinisjonen?
 - Heng det tett saman med resten av dokumentet?
 - Dersom to nei: berre fjern det før journalføring